

# Årsmelding for Solund Senderettlaug for år 2019

Solund Senderettlaug vart stifta 28. juni 2015 av 15 stiftarar. Den 20. august same år vart lauet formelt tatt opp som undergruppe i Solund IL.

## Lauget sitt føremål er:

«*Solund Senderettlaug skal drive både toppidrett og ha det moro innanfor dei lovmessige og etiske råmer som Norges Idrettsforbund og Solund Idrettslag gjev».*

## Årslaugsmöte i år 2019:

Det vart halde årslaugsmöte den 11.mars 2019. Laugsrådet har vore slik samansett i driftsåret:

### Faste medlemer:

Fanni Balatoni (2 år)

Endre B. Natvik (2 år)

Kim Arnes (2 år)

May Brith Kalgraff (1 år)

Kjell Mongstad (1 år)

### Varamedlem:

Jan Kåre Nessen (1 år)

### Kontingenten fastsett til:

Kr. 150,- pr. medlem

Kr. 300,- for familiemedlemsskap inkl. «born» til og med siste ungdomsskuleår

Kontingenten har ikkje vore kalla inn i år 2019, sidan det ikkje har vore organisert aktivitet for medlemene i driftsåret.

### **Laugsmedlemene:**

Det var 80 medlemer i lauet i år 2018 med smått og stort. Av desse var 27 single medlemsskap og 12-15 medlemer var ikkje aktive småbarn som var inkludert i familiemedlemskapen. Medlemsskapet er automatisk overført til år 2020, om ikkje nokon aktivt har meldt seg ut.

### **Møteaktivitet og saker:**

Det har vore gjennomført 2 laugsrådsmöte i meldingsåret.

Dei aller viktigaste sakene har vore:

- Ferdigstilling av den re-estaberte 9-korgsbana rundt Idrettsparken.
- Vestkysttouren i Solund år 2019
- Planlegging av årslaugsmöte

### **Diskgolfaktiviteten i lauet:**

Handlingsplanen vart vedteken på førre årsmøte slik (status satt inn):

- |  |                         |
|--|-------------------------|
| • Montere pleksiglass på utkast-skilta 18-korgsbana                  | - gjennomført           |
| • Lage design og montere designa på utkast-skilta på 9-korgsbana     | - gjennomført           |
| • Skaffe sponsorar og finansiering til arrangement / konkurrsar      | - gjennomført           |
| • Arrangere Vestkysttouren 11.-12. mai 2019                          | - gjennomført           |
| • Planlegge ein nasjonal konkurranse i år 2020 (t.d. Pargolf-NM)     | - ikkje gjennomført     |
| • Reise saman og spele på ulike baner / ulike turneringar i regionen | - gjennomført           |
| • Innarbeide søndagsgolfen som fast treffpunkt                       | - ikkje gjennomført     |
| • Fokus på samarbeid   | - delvis gjennomført    |
| • Fokus på rekruttering  | - delvis gjennomført    |
| • Spele inn til den kommunale Idrett- og Friluftsplanen              | - jf. SIL sine innspeil |

- Lyssetting skøytebane korg 10/11
- Akebakke ned til korg 12
- Andre innspel

Som det går fram av planen, så er mykje gjennomført, men ikkje alt.

Det har ikkje vore arrangert faste treningar eller organisert aktivitet i lauet i år 2019, utover den aktiviteten som var knytt til førebuinga og gjennomføringa av Vestkysttouren.  
 Det har likevel vore ein vesentleg aktivitet i diskgolfanlegget i driftsåret. Forutan all aktivitet som har knytt til Vestkysttouren, så har mange lokale og tilreisande, nytta anlegget anten aleine eller saman med andre som treningsrundar eller som ein rein sosial aktivitet. Den populære 9-korgsbana er komen i aktiv bruk igjen, og har gjort at terskelen er komen ned på eit slikt nivå at sjølv «Hermannsen» kan finne på å ta seg ein kjapp kveldsrunde like før leggetid.

~~Anlegget har faktisk vore så mykje nytta i år 2019, at det er like før aktive spelarar oppnår såkalla PDGA rating på rundane sine, når ein konkurranse vert gjennomført.~~

#### **Arrangør av Vestkysttouren 11. mai og Pargolf 12. mai:**

Solund Sendeblettlaug fekk den store æra å få lov å arrangera ein del av Vestkysttouren 2019, saman med diskgolfklubbane på Frekhaug, Flaktveit, Fyllingsdalen, Herdla, Sandnes, Ølberg og Karmøy . Vinteren og våren vart det arbeidd intenst med m.a. å få 9-korgsbana fullført og preparert banene med forskriftsmessige fairwayer, utkastsoner, OB-er og mandolinjer. Eit spretta nytt banedesign vart laga for både 18- og 9-korgsbana, til konkuransedagane. Alt saman vart gjort på dugnad og det gjekk med omlag 80 timer berre i førebuingar til touren. I tillegg kom sjølve gjennomføringa av helga, der vi også hadde engasjert ein TD (teknisk delegert).

Det var stor vilje til å yte sponsormidlar til arrangementet. Desse verksemndene bidrog kvar med sin skjerv: Sunnfjord Energi, Vidar Hop Skyssbaater, P/R Sulejet, Norsk kystkulturakademi, Solund verft, Solund Eiendom, Sulemat og Solundmat.

#### Dag 1: Den offisielle Vestkysttour-turneringa:

Det var 38 deltakarar på konkuransedag 1; - fordelt på open herrar-, open damer-, master- amatør-, og juniorklassar. Det vart gjennomført 2 rundar på 18 hols bana;- runde 1 som mix mellom klassane, runde 2 klassevis, fordelt etter score i 1. runde.

Dei 5 beste i kvar klasse vart premiert. Berre dei som hadde PDGA-meldemsskap som profesjonelle, kunne motta pengepremie. Det vart også delt ut deltakarpremiar og "closest to pin"(ctp)-premie.

Det vart delt ut like premiar til alle barn / juniorar (6 stk.).

Under arrangementet var sekretariatet stasjonert i skateboarden. Rampen vart nytta som base for konferansieren; - der føregjekk også premieutdelinga og matservering. Dette fungerte veldig fint.

Tor Eriksen vann Open-klassen der Håvard kom på 4. plass. Våre medlemer Karoline, Fanni og May Britth tapetserte pallen i dameklassen. Aron og Gaute toppa juniorklassen 😊 Tommy Nesje vann amatørklassen, der Eirik kom på 6.plass. Og Roar Gjøsæter vann master-klassen med turneringa sin beste prestasjon; - 5 under par på 1. runden, og det under svært krevjande vindtilhøve.

#### Dag 2 - Pargolfen:

Det var 32 personar (16 par) som deltok på den litt meir uformelle pargolfen. 9 av desse var juniorar. I pargolf kaster ein alltid frå beste diskplassering, slik at dei yngste og meir urøynde også har sjansen til å oppnå gode resultat. Det vart uhyre jamt, med delte 1. og 3. plassar. Tommy var med på vinnarlaget, og Tarjei/ Torstein kapra 2. plassen. Berre pallplasseringane vart premiert.

Det vart også trekt ut deltakar- og ctp-premiar i Pargolf-turneringa. Alle 9 juniorane vart satt ekstra

pris på og premiert likt. Ingen mottok pengepremier på denne delen av turneringa.

Det vart 2 fantastiske dagar med strålande vêr og svært god stemning. Og kanskje det mest gledelege var den gode deltakinga i juniorklassen, der heile 9 juniorar var med. Dette vart lagt merke til og kommentert av dei tilreisande.

Noko av føremålet med denne touren, er å rekruttere og å gje dei yngre gode opplevingar og læring. Det er også verd å nemne at disk golf er ein gentlemanssport, og i Vestkysttouren er det ikkje lov å psyke ut og å kritisere, berre gje ros og oppmunstre. Reglane elles vert ikkje praktisert strengt, men vert presisert for nye deltakarar, slik at dei lærer.

Matserveringa fungerte utmerka, då elevar frå 10.klasse m/foreldre vart engasjert til å løyse dette. Det vart servert om lag 140 halve baguetter med heimelaga eggerøre og salat, røykelaks frå Sulemat og med nokre med Solundmat sine pølser, fenalår og villsaukjøttboller på. Brus, saft, vatn og rørekaker vart også servert, samt bananer som etter reglementet, alltid må vera på plass. På laurdagskvelden var vi ein stor gjeng som samlast til Quiz-kveld m/pizza på Skafferiet.

Tilbakemeldingane til arrangøren frå dei mange tilreisande, var overveldande gode, både på det totale diskgolfanlegget vi har laga, det spanande banedesignet som er tilpassa våre naturgjevne føresetnader, og også på sjølvé gjennomføringa av turneringa. Og sjølv om det naturlegvis vart fleire som ikkje vant, enn dei som vant, så tyder tilbakemeldingane på at her ynskjer ein å koma attende for både å spele meir disk golf, men også for å oppleve meir av det kommunen har å by på.

Vi ynskjer å arrangere Vestkysttouren i Solund årleg. Tilbakemeldingane er veldig gode på

Solund Sendebrettlaug nyttar høvet og takkar så hjarteleg for alle som har vore med på dugnad og som valde å sponsa Vestkysttouren i Solund i år 2019, og ei særleg takk til 10.klasse elevane med foreldre som sette prikkene over i-en med å servere kjempegod mat og drikke desse dagane.

#### Deltaking på dei andre Vestkysttour-rundane:

Solund Sendebrettlaug hadde fleire deltakarar med i dei andre Vestkysttour-turneringane som vart halde andre stader (Fyllingsdalen, Flaktveit, Frekhaug, Herdla og Bømlo).

Og Gaute vann ein flott 2. premie i juniorklassen samanlagt. Gratulasjonar til Gaute for den flotte prestasjonen 😊

#### Deltaking på Norgescupen på Flaktveit 25. mai

Her deltok Sendebrettlaugen med 2 deltakarar.

Etter ein noko tøff start, gjennomførte Håvard sin 3. runde på 5 under par (best av alle). Han kapra seg difor ein plass i finalen og hamna til slutt på ein flott 17. plass; - og det i kamp med heile Noregs-eliten. Men som vanleg må man nok snu heile resultatlista for at Kjell skal hamne på toppen i sin klasse. Men denne gongen var han berre 7 kast frå å hamne på 6. plass i Grandmaster-klassen.

#### Solunddagen 24. august og søndag 25. august

Lauget stilte opp tradisjonen tru på Solunddagen, med sin uformelle puttekonkurranse. Og søndagen derpå, vart det gjennomført ein triveleg runde på 9-korgsbana, der fokus var at nybegynnere skulle få høve til å prøve seg.

#### **Arbeidet med diskgolfbanene**

Eit av dei viktigaste måla som lauget har hatt, har vore å få på plass eit fullverdig diskgolfanlegg i- og rundt Solund Idrettspark- og friluftsområde.

I perioden januar til mai, fekk lauget tatt dugnadsfinishen og dei dei siste investeringane knytt til både 18- og 9-korgsbana. Lauget fekk donert nokre terassedelar frå gode naboar og utkastfelta vart solide og kjempegode. Håvard arbeidde fram eit nytt banedesign for samlege 27 baner, slik ein tidleg avtalte at ein skulle gjera når banene berre var tilstrekkeleg utprøvd. Dei gode provisoriske

utkastskilta (som Øyvind i si tid laga) vart skifta ut, og nye aluminiumsplater vart montert på utkastskilta på både 18- og 9-korgsbana; - og det i 12. time før turneringsstart for Vestkysttouren 😊

Eit av våre hovudmål er såleis nådd i år 2020; - å ferdigstille eit fullverdig diskgoftanlegg i- og rundt Solund Idrettspark og friluftsområde, til fri bruk innbyggjarar og tilreisande.

Fokus frametter skal vera å bruke dette mest mogleg til både aktiv trening og konkurransar, så vel som for leik og sosial hygge for alle generasjonar.

#### **Økonomi:**

Lauget hadde eit negativt driftsresultat på kr. 3.451,13 i år 2019 .

Det negative resultatet skuldast at lauget har nyttar dei avsette midlar som var dedikert fullføringa av den re-establiserte 9-korgs bana (kr. 9.381). Dette vert dekka opp ved at vi har fått refundert moms, etter eigne investeringar i år 2018 (kr. 8.800).

Når det gjeld resultatet frå sjølve Vestkysttour arrangementet, så kan dette sjå negativt ut ved første augnekast. Men om ein reknar med gevinsten på sal av laugsdiskar under arrangementet (25 stk.) og trekker frå vedlikehald som likevel må gjerast årleg, så er rekneskapen for touren i god balanse.

Det vart ikkje kravt inn kontingen for år 2019. Dette fordi lauget ikkje hadde eit løpande aktivitetstilbod i drift frå våren 2019. Lauget kan ikkje ta seg betalt for bruken av anlegget, fordi anlegget er finansiert av tippemidlar. Bruken skal såleis vera til fri bruk og tilgjengeleg for alle. Det betyr at ein innimellom må lauget skaffe nokre inntekter, for å kunna dekka løpande driftsutgifter.

Resultatet er langt betre enn venta, sidan momsrefusjonen ikkje var rekna med i budsjettet. Likeins er likviditeten også betre enn venta, noko som gjer at ein med innkalling av normal kontingen i år 2020, kan klare å gjennomføre ein Vestkysttour, og å handtere løpande driftsutgifter.

#### **Konklusjon:**

Driftsåret 2019 kan delast i 2.

Først 5 månader med svært høg aktivitet og fokus på å lukkast med å ferdiggjere heile diskgoftanlegget, og å arrangere Vestkysttouren i Solund for første gong. Dette lukkast ein svært godt med.

Dernest har aktiviteten gått over i ei meir automatisert drift. Leiaren og lauget har ikkje hatt kapasitet til å halde drift i noka løpande aktivitet.

Men frå ein parkettlass i Storehaugen har leiaren likevel hatt stor glede av å observere liv på både diskgoftbanene og i Idrettsanlegget gjennom heile året, og klangen frå diskar som treff diskgoftkjettingar har vore umiskjennelege, særleg i høgtider og i sommarferien. Slik lyd fungerer som balsam for ei sart diskgolfsjel.

Frå og med neste vårløysing, vil vi prøve å ta opp igjen søndagsgolfen som ein fast aktivitet, og så smått sette fokus på rekruttering og opplæring i denne folkelege diskgoft«sporten».

Solund Sendebrettlaug ser fram til eit spanande nytt diskgoftår.

Hardbakke 29. februar 2019

Styret  
sign.